



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 10.09.2014 kl. 15:15  
**Stad:** Askvoll kyrkjekontor

---

### Frammøtte:

Ole Andreas Myrstad	Leiar
Anne Grethe Lien	Nestleiar (Ikkje til stades i sak 50)
Linda Karin Solheim	Medlem
Kari Berit Ness	Medlem
Jorunn Ringstad	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem
Åge Guddal	Medlem
Jostein Gryte	Varamedlem
Agathe Karin Herland	Varamedlem

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Forfall:

Arne Fedøy	Medlem
Reidun Melvær Norheim	Medlem

### Møtte ikkje:

Inger Lise Saltskår	Medlem
Jostein Vidar Takle	Medlem

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Saksh.
SR 2014/50		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RZ
SR 2014/51		Godkjenning av protokoll frå møte 06.08.2014	RZ
SR 2014/52		Skriv, meldingar og drøftingar	RZ
FR 2014/53		Utviding Askvoll kyrkjegard	RZ
FR 2014/54		Økonomiplan 2015-2018	RZ
FR 2014/55		Lokale lønnsforhandlingar	RZ
FR 2014/56		Lokal lønnspolitikk	RZ
FR 2014/57		Høyring - NOU 2014: 2 Lik og likskap	RZ
SR 2014/58		Offerliste, haust 2014	RZ

FR 2014/59		Overføring av investeringsmidlar (saka sett fram i møtet)	-
FR 2014/60		Justering møteplan (saka sett fram i møtet)	-

Askvoll, 10.09.2014

Rune Ziener  
Referent

---

## SR 2014/50 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## SR 2014/51 Godkjenning av protokoll frå møte 06.08.2014

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 06.08.2014 slik den ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 06.08.2014 slik den ligg føre.

---

## SR 2014/52 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

M 32/14 KA: *Rundskriv 08/2014: Tariffrevisjonen pr. 01.05.2014 - det anbefalte forslaget vedtatt* (26.08.2014)

M 33/14 Askvoll kommune: *Planlegging og utbetring for nedre del av Bakkeelva - melding om vedtak* (19.08.2014)

M 34/14 Askvoll kommune: *Opprykk og nyval - melding om vedtak* (30.07.2014)

M 35/14 Byggjeleiar Askvoll kyrkje: *Endeleg oppsett - prosjektrekneskap* (august 2014)

M 36/14 Tertialrapport 2. tertial 2014 (drift)

M 37/14 Møte med husstyret, Stongfjorden bedehuskapell

M 38/14 Drøfting: Evaluering av soknerådsperioden

M 39/14 Riksantikvaren: *Holmedal kyrkje - interiør. Søknad om godkjenning av interiørendringar* (26.08.2014)

### INNSTILLING

1. Askvoll sokn tek dei framlagde skriv, meldingar og drøfting til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokn tek dei framlagde skriv, meldingar og drøfting til orientering.

---

## 2014/53 Utviding Askvoll kyrkjegard

### UTGREIING

Utviding av Askvoll kyrkjegard vart sist handsama i sak FR 2014/45. Sidan den handsaminga har det komme fram nye opplysningar i saka vedkommande finansiering. Vedtaket sitt pkt. 1 seier at ein søker Askvoll kommune om styrking av investeringsramme med kr 1.295.000,- fordelt på 2014 og 2015.

Det som ikkje var kjent for kyrkjeverja var at prosjektramma allereie var styrka med kr 1,3 mill i kommunen sitt budsjettvedtak i 2013. Tilgjengeleg prosjektramme er såleis kr 2.535.000,- og vil vere tilstrekkeleg finansiering ifølgje tilbod og kostnadsrekningar.

Sjølvsagt vil det framleis vere risiko knytt til forureina masse og avfallshandtering av denne, og det kan vise seg nødvendig med yttarlegare prosjektkostnad for dette. For å redusere finansiell risiko kan ein trekke ut posten om ny beplantning på gravplassen som opsjonspost (kostnad kr 206.000,-).

### INNSTILLING

1. Askvoll sokn aksepterer tilbodet og inngår kontrakt med Grunnfjell AS om utviding av Askvoll gravplass. Posten "beplantning" i tilbodet vert trekt ut som opsjonspost.
2. Edvin Helle AS får tilbod om å halde fram som byggeleiar i samband med utvidinga.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokn aksepterer tilbodet og inngår kontrakt med Grunnfjell AS om utviding av Askvoll gravplass. Posten "beplantning" i tilbodet vert trekt ut som opsjonspost.
2. Edvin Helle AS får tilbod om å halde fram som byggeleiar i samband med utvidinga.

## SR 2014/54 Økonomiplan 2015-2018

### UTGREIING

Kyrkjelege fellestråd og sokneråd skal etter økonomiforskriftene § 3, kvart år vedta ein rullerande økonomiplan for dei neste fire åra. Planen skal gi eit realistisk oversyn over

- forventa inntekter og utgifter i perioden
- prioriterte oppgåver i perioden

Planen skal gi grunnlag for fastsetjinga av storleiken på kommunale drifts- og investeringstilskot. Det er sett frist til 01.10.2014 for innmelding av behov til Askvoll kommune.

Planforslaget er ei vidareføring av driftsnivå som i dag, men inneheld også nye investeringsprosjekt i forhold til tidlegare økonomiplanar.

### DEL 1: Investeringar Askvoll sokn – økonomiplan 2015-2018

Oversyn - behov for investeringstilskot frå Askvoll kommune (tal i NOK 1000)

PROSJEKT	2015	2016	2017	2018
Holmedal kyrkjegard - Sikring mot Bakkeelva	-255			
Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar	-2957			

Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel		-670		
Vilnes kyrkje - Brannsikring		-800		
Holmedal kyrkje – Innvendig galleritrapp og HC-tilkomst ved hovudinngang			-240	
Holmedal kyrkje - Skifte kledning og overflatebehandling			-500	
Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning			-1080	
Askvoll kyrkje – Takreparasjon				-1500
SUM PR. ÅR	-3212	-1470	-1820	-1500

## PROSJEKTOMTALAR

### 2015:

#### **Holmedal kyrkjegard - Sikring mot Bakkeelva**

Etter haustflom i 2013 vert det vurdert at det er risiko for at Bakkeelva kan gjere skade på bårhus og gravplass om ein ikkje set i verk sikringstiltak. NVE har vore på staden og føreteke vurderingar. Kostnadskalkyle og tiltaksplan er utarbeidd.

#### *Finansieringsbehov:*

Kr 1,273 mill (20% kommunal finansiering)

#### *Konsekvens ved manglande løyving:*

Fare for flomskade på både bårhus og gravplass.

#### **Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar**

I Kvammen kapell har ein i lang tid hatt problem med fuktinntrenging i bygget. Dette har ført til dels omfattande skadar i både golv-, vegg- og takkonstruksjon. Norconsult har utarbeidd ein tilstandsanalyse og tiltaksplan med kostnadskalkyle, sjå vedlegg.

#### *Finansieringsbehov:*

Kr 2,957 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken

#### *Konsekvens ved manglande løyving:*

Bygget vil framstå som lite tenleg og i dårleg forfatning. Fuktskadene vil over tid verte forverra, og utsett restaurering vil kunne fordyre prosjektet.

### 2016:

#### **Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel**

Kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje er 110 år gammelt og er i 2014 vurdert av orgelbyggar. I tilstandsvurderinga vert det sagt at orgelet er av slik handtverksmessig kvalitet at det er verdt å ta vare på. Tilstanden generelt er sagt å være «relativt ok», men vert vidare vurdert å vere «begrenset brukbart». Det er trong for diverse reparasjonar for å få orgelet funksjonelt, men det er tilrådd ei større restaurering. Ein har fått tilbod både på reparasjon (utbetring av dagens feil) og ei full restaurering med driftsgaranti for 10 år, som gir eit driftssikkert orgel for framtida.

#### *Finansieringsbehov:*

Alt. 1: Reparasjon; Kr 270.000,- (63% kommunal finansiering)

Alt. 2: Full restaurering; Kr 870.000,- (89% kommunal finansiering)  
Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

### **Vilnes kyrkje – Brannsikring**

Vilnes kyrkje står i ei særstilling i distriktet sett ut frå antikvariske omsyn. Det er derfor viktig å sikre bygget mellom anna mot brann. Pr. i dag er det ikkje tilfredsstillande brannsikring av Vilnes kyrkje, og det er heller ikkje tilfredsstillande tilgang til slokkemidlar. Ein bør vurdere automatiserte sikringstiltak på bygget, som t.d. sprinkling eller vanntåkeanlegg og eit godt overvåkingssystem. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

*Finansieringsbehov:*

Kr 1 mill (80% kommunal finansiering)  
Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Vilnes kyrkje vil ikkje vere tilfredsstillande sikra mot brann.

**2017:**

### **Holmedal kyrkje – Innvendig galleritrapp og HC-tilkomst ved hovudinngang**

I Holmedal kyrkje er galleriet i dag avstengt for publikum fordi ein ikkje har godkjende rømmingsvegar. Det er heller ikkje tilfredsstillande tilkomst til kyrkjerommet for rullestolbrukarar m.v. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

*Finansieringsbehov:*

Kr 280.000,- (86% kommunal finansiering)  
Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Galleriet i kyrkja vil framleis vere avstengd for publikum.  
Rullestolbrukarar m.v. vil ikkje ha den tilkomstmoglegheiten til kyrkjebygget dei har krav på etter regler om universell utforming.

### **Holmedal kyrkje – Utsifting av kledning og overflatebehandling**

Noko av kledningen på Holmedal kyrkje har råteskader og bør skiftast ut, særleg er dette ved inngangspartiet. Vidare framstår bygningen som dels som malingsslitt og bør malast opp igjen.

*Finansieringsbehov:*

Kr 500.000,- (100% kommunal finansiering)  
Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Kyrkjebygget vil framstå som malingsslitt

### **Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning**

I samband med prosjektering av utviding av Askvoll kyrkjegard er det planlagt ei ny driftsavdeling på nytt gravplassareal. På driftsavdelinga er det og planlagt driftsbygning med garasje og lagringsplass for diverse driftsmateriell. I tillegg er det planlagt santitærdel og pauserom for å gi tilfredsstillande arbeidsforhold for dei tilsette på gravplassen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsrekning på prosjektet.

*Finansieringsbehov:*

Kr 1,38 mill (100% kommunal finansiering)

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Askvoll kyrkjegard vil ikkje framstå som funksjonell m.o.t. driftsforhold sett opp mot dagens forventa standard.

**2018:****Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjetak**

Under rehabiliteringsarbeidene på kyrkja i 2013/2014 vart det avdekka skadar og slitasje på det hellelagte kyrkjetaket. Taket er undersøkt av byggfagleg kompetanse, og det er tilrådd at ein innafor ein tiårsperiode føretek restaureringsarbeid med sikring, evt. utskifting av takstein. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna.

*Finansieringsbehov:*

Kr 1,5 mill (100% kommunal finansiering)

Dette prosjektet kan verte omfatta av rentekompensasjonsordninga frå Husbanken.

*Konsekvens ved manglande løyving:*

Om taket ikkje vert restaurert vil det vere fare for at takstein løsnar, og ein står i fare for at det kan oppstå lekkasjeskadar i takkonstruksjonen.

## ØKONOMI

**Holmedal kyrkjegard - Sikring mot Bakkeelva**

Rapport	30000
Anleggsarbeid	1243000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>1273000</u>
Finansiering:	
Tilskot stat	-1018000
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-255000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-1273000</u>

**Kvammen kapell - Restaurering og utbetring av fuktskadar**

Anbudsgrunnlag og tilbodsinnhenting	59000
Anleggsarbeid og byggjeleing	2898000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>2957000</u>
Finansiering:	
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-2957000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-2957000</u>

**Askvoll kyrkje - Restaurasjon kyrkjeorgel**

Restaureringsarbeid	270000/770000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>270000/770000</u>
Finansiering:	
Bruk av fond	-100000
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-170000/-670000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-270000/-770000</u>

**Vilnes kyrkje - Brannsikring**

Prosjektering	50000
Anleggsarbeid	950000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>1000000</u>
Finansiering:	
Tilskot frå andre	-200000
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-800000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-1000000</u>

**Holmedal kyrkje – Innvendig galleritrapp og HC-tilkomst ved hovudinngang**

Prosjektering	30000
Anleggsarbeid	250000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>280000</u>
Finansiering:	
Bruk av fond	-40000
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-240000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-280000</u>

**Holmedal kyrkje – Skifte kledning og overflatebehandling**

Anleggsarbeid	500000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>500000</u>
Finansiering:	
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-500000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-500000</u>

**Askvoll kyrkjegard – Ny driftsbygning**

Anbudsgrunnlag og tilbodsinnhenting	30000
Byggjeleing	50000
Anleggsarbeid	1000000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>1080000</u>
Finansiering:	
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-1080000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-1080000</u>

**Askvoll kyrkjegard – Takreparasjon**

Prosjektering	50000
Anleggsarbeid	1450000
<u>Finansieringsbehov</u>	<u>1500000</u>
Finansiering:	
<b>Investeringsstilskot, kommune</b>	<b>-1500000</b>
<u>Sum finansiering</u>	<u>-1500000</u>

**DEL 2: Drift**

I planforslaget er det lagt opp til uendra, fast driftsnivå samanlikna med 2014. Oppsettet opererer med eit tydeleg skille mellom dei såkalla forvaltingsdelene av budsjettet som primært er kommunalt finansiert og kyrkjelydsarbeidet som har andre finansieringskjelder

(t.d. statleg trusopplæringstilskot og diverse gåver/innsamla midlar).

## 1. HOVUDKAPITTEL 34100-34300 KYRKJELEG FORVALTNING

### 1.1.0 Utgifter

#### 1.1.1 Lønn og sosiale utgifter

Her er lagt opp til uendra fast driftsnivå frå siste del av 2014. Ein har redusert noko på administrasjons- og kyrkjetenarressursen som fører til ein liten reduksjon i kategorien samla sett, trass i at lønnsveksten er rekna inn.

Vidare er lagt inn ekstraordinær lønnskostnad (godtgjersle) på kr 15000,- i samband med kyrkjevalet.

*Driftsprosjekt - kartlegging av gravfestarar og reetablering av utløpte festeavtalar.*

I tillegg er lagt inn ei mellombels administrasjonsressurs på 20% gjennom heile året for å arbeide med kartlegging av festarar og etablering av nye festeavtaler, i og med at ein har eit etterslep på dette arbeidet fleire år tilbake i tid. Auka festeinntekter er lagt inn som finansiering av dette prosjektet med kostnad kr 107000,-.

Dette arbeidet er viktig å få teke snarast råd, fordi ytterlegare etterslep vil gi forsterke framtidig inntektsbortfall samt gjere gravplassforvaltinga meir komplisert.

Samla utgift frå 2015 er kr 2.814.000,- opp frå kr 2.721.000,- i 2014-budsjettet.

#### 1.1.2 Kjøp av varer og tenester

Her er vidareført ein totalsum på kr 1.150.000,- med prisvekst på 1,6% frå 2014, samt ekstra kostnad til kyrkjevalet på kr 10.000,- og styrking av vedlikehalds- og utviklingsplan med 100.000,- samanlikna med ramme for driftsfinansierte tiltak i 2014-planen . Av totalsummen her er sett av kr 285.000,- til variabel vedlikehalds- og utviklingsplan 2015, og resterande kr 855.000,- går til relativt faste driftsutgifter som energi,graving, forsikring, m.v.

### VU-plan 2015

Tiltak	Stip. kostnad
Golvreparasjon og overflatebehandling, Holmedal	50000
AV-utstyr Askvoll kyrkje	50000
Bord til Askvoll kyrkje	30000
Oppslagstavle, Askvoll kyrkje	1000
Oppbevaringsløyning, Askvoll kyrkje	20000
Oppbevaringsløyning, Kvammen kapell	10000
Oppbevaringsløyning, Holmedal kyrkje	10000
Gravferdskapper (3 stk)	13000
PC'ar, kyrkjekontoret	6000
Uføresett vedlikehald	60000
Konfirmantkapper	10000
Klassesett, Bibel	10000
Stabsutviklingstiltak	15000
SUM	285000



**1.1.3 Avsetningar**

Her ligg inne avsetningar av gåver og kyrkjeoffer til bunde fond for kyrkjene, stipulert kr 30.000,-.

Overføring til investeringsrekneskapen med kr 10.000,- til kapitalinnskot, KLP.

**1.2.0 Inntekter****1.2.1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter**

Dette vil vere ein varierende inntektskategori, særleg ut frå varierende tal festefornying. Det er registrert 75 festeutløp i 2015, men arbeidet med å reetablere eldre avtalar held fram. Stipulert tal nye/gjenopptekne festeavtalar for 2015 er i forslaget sett til 227 stk. og det er då rekna inn reetablering av om lag 150 tidlegare utløpte festeavtalar, som vil gi ein inntekt på kr 227.000,-.

I tillegg har ein inntekt på utanbygds gravleggingar, stipulert til kr 10.000,-.

Vidare er det stipulert kr 3.000,- i leigeinntekt for kyrkjene.

Total inntekt er sett til kr 240.000,-.

**1.2.2 Refusjonar og overføringar**

Refusjon frå Askvoll kulturskule for utleige av muskar, stipulert kr 145.000,-.

**1.2.3 Rammetilskot eigen kommune**

Vidareført opphavleg løyving frå 2015 med 3% påslag for lønns- og prisvekst, kr 3.602.000,-

**1.2.4 Andre tilskot og gåver**

Stipulert kr 30.000,- i gåve og offerinntekter til kyrkjene.

**HOVUDOPPSETT FORVALTNING**

Utgifter	
Lønn og sosiale utgifter	2814000
Kjøp av varer og tenester	1150000
Avsetningar	40000
<u>Sum utgifter</u>	<u>4004000</u>
Inntekter	
Brukarbetaling, sal, avgifter	-240000
Refusjonar og overføringar	-145000
Rammetilskot eigen kommune	-3595000
Andre tilskot og gåver	-30000
<u>Sum inntekter</u>	<u>-4010000</u>
Differanse	-6000

**2 Hovudskapittel 04400- Anna kyrkjeleg verksemd**

Soknet sitt kyrkjelydsrelaterte arbeid vil primært verte finansierast ved særskilte ikkje-kommunale tilskot (t.d. trusopplæringstilskot), gåver, kyrkjeofringar og brukarbetalingar/eigenandelar.

### 2.1 Teneste 04400: Anna kyrkjeleg verksemd

Under dette delkapitlet ligg det budsjettpostar knytt til andre kyrkjelydsaktivitetar, t.d. medarbeidarfest, kyrkjekaffi, kyrkjemusikk etc., samt ofringar og innsamlingar til eksterne mottakarar. Ofringar til eksterne mottakarar og innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp ligg med kalkulatorisk effekt og vil ikkje påverke driftsresultatet.

TENESTE 04400 Anna kyrkjeleg verksemd	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	20000
Arrangement	20000
Overføring av ofringar og innsamla midlar	50000
Kirkens Nødhjelp	35000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-40000
Offer/innsamla til andre	-50000
Kirkens Nødhjelp	-35000
Differanse	0

### 2.2. Teneste 04432: Trusopplæring

TENESTE 04432 Trusopplæring	
Fast lønn	173000
KLP	29000
Arbeidsgivaravgift	22000
Forbruksmateriell, utstyr og tenester	78000
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	8000
Opplæring, kurs	5000
Leige av lokale og grunn	3000
Refusjon til andre	2000
Betaling frå deltakarar	-35000
Tilskot frå staten	-285000
Differanse	0

### 2.3 Teneste 04479: Kyrkjeblad

Trykkekostnader for kyrkjebladet bør finansierast ved annonsesal og bladpengar/gåver. Ein god layout med fargetrykk er relativt kostbart, og inntekter på 2014-nivå vil ikkje fullfinansiere dette. Det er eit mål med fire publikasjonar årleg for å halde god kontinuitet i publikasjonane.

Ein må vurdere tiltak for å auke inntektene, eller alternativt redusere talet utgivelser for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for bladet.

TENESTE 04479 Kyrkjeblad	Beløp
Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	110000
Post, bank, telefoni og datalinjer	6000
Sal av varer og tenester	-116000
Differanse	0

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek økonomiplan 2015-2018 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. For 2015 ber ein såleis Askvoll kommune om kr 3.212.000,- i investeringstilskot og kr 3.602.000,- i driftstilskot.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek økonomiplan 2015-2018 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. For 2015 ber ein såleis Askvoll kommune om kr 3.212.000,- i investeringstilskot og kr 3.602.000,- i driftstilskot.

## FR 2014/55 Lokale lønnsforhandlingar

### UTGREIING

Hausten 2014 skal det gjennomførast lokale lønnsforhandlingar, jf. KA-rundskriv 09/2014. Fristen for slutføring av forhandlingane er sett til 15.11.2014, og forhandlingane får verknad frå 01.09.2014.

Ramme for forhandlingane er sett til 1% av grunnlønnsmassen for 2013.

#### Lokal lønnspolitikk

Til grunn for forhandlingane skal det ligge føre ein lokal lønnspolitikk som er fastsett av verksemda etter drøftingar med dei tilsette sine organisasjonar.

#### Forslag til gjennomføring

DATO	MØTE	DELTAKARAR
15.10.2014	Lønnspolitisk drøftingsmøte <ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av tariffoppgjør og lokal forhandlingspott</li> <li>• Plan for gjennomføring av dei lokale forhandlingane med fristar for innsending av krav.</li> <li>• Drøfting av lokal lønnspolitikk for verksemda</li> </ul>	Forhandlingsutvalet og organisasjonane
16.10.2014	Fastsetting av lokal lønnspolitikk	Soknerådet
01.11.2014	Frist for innsending av lønnskrav	Tilsette v/organisasjonane
06.11.2014	Forhandlingsmøte	Forhandlingsutvalet og organisasjonane
01.12.2014	Ankefrist	

For ei mest mogleg rasjonell gjennomføring av forhandlingane bør soknerådet gje fullmakt til forhandlingsutvalet å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fastsette rammer og vedteken plan for gjennomføring.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gjennomfører lokale forhandlingar hausten 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fastsette rammene og vedteken plan for gjennomføring.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd gjennomfører lokale forhandlingar hausten 2014 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.
2. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å gjennomføre forhandlingane innanfor dei sentralt fastsette rammene og vedteken plan for gjennomføring.

---

## **FR 2014/56 Lokal lønnspolitikk**

### **UTGREIING**

#### **1. Lønnspolitiske retningslinjer for dei som får lønnen regulert sentralt**

Lønnsfastsetjing for dei tilsette som er regulert av HTA kapittel 4 skjer på fleire ulike måtar.

- Lønns plassering ved tilsetting
- Sentrale reguleringar (der dei sentrale partar kan avtale at ein viss del av ramma skal verte gitt som lokalt framforhandla tillegg)
- Ved særskilte forhandlingar (jf. HTA 4-2), dersom det t.d. har vore betydelege organisatoriske endringar, eller i stillinga sitt arbeids- og ansvarsområde eller at den tilsette har gjennomført kompetansegivande etter-eller vidareutdanning.

Partane lokalt kan vidare avtale endra lønns plassering der det er spesielle problem med å rekruttere eller behalde arbeidstakarar (jf. HTA 4-3).

Det skal gjennomførast lokale forhandlingar denne hausten. For å sikre ein ryddig forhandlingsprosess er det viktig at arbeidstakarorganisasjonane har ei forståing av arbeidsgivar sin lønnspolitiske profil, sjå sitat frå KA-rundskriv 08/12:

«Det er arbeidsgiver som fastsetter den lokale lønnspolitikken, og må sikre at det er sammenheng mellom denne og det som er formulert i virksomhetens mål- og strategidokumenter. Arbeidstakerorganisasjonene er fra sin side opptatt av at det skal være åpenhet og forutsigbarhet i arbeidet med lokal lønnspolitikk, slik at det er mulig for de ansatte å innrette seg etter den. De tillitsvalgte skal delta i drøftinger om lønnspolitikken.»

For å sikre ein prosess med medbestemmelse bør saka handsamast i soknerådet i to trinn. Første handsaming i rådet vert då å legge fram utkast til lønnspolitisk dokument og få innspel frå rådet før ein drøftar lønnspolitikken med fagorganisasjonane. Etter drøftingsmøtet vert retningslinjer for lokal lønnspolitikk for Askvoll sokn endeleg vedtekne i rådet.

Etter tilråding frå KA bør ein i arbeidet med lokal lønnspolitikk ha med desse elementa:

1. Det forutsettes at lønnspolitikken utformes skriftlig, slik at den kan gjeres kjent i organisasjonen.

2. Før et slikt dokument fastsettes av styret/rådet, skal det drøftes med de ansattes organisasjoner, normalt ved de tillitsvalgte. På den måten kan organisasjonene få komme med forslag til elementer, og ha synspunkter på arbeidsgivers forslag.
3. I det lønnspolitiske dokumentet må det framkomme beskrivelser av hvilke kriterier som gjelder for å kunne nå fram med lønnskrav. KA antar at det vil være klokt å utforme slike kriterier på en måte som gjøre det mulig for arbeidsgiver å styre innenfor fastsatte budsjetter, og ha et handlingsrom for egne prioriteringer.
4. Dokumentet behøver ikke være omfattende, men beskrive kort hvilke verdier som er viktige for virksomheten, og hvilke elementer som vil bli verdsatt ved vurderinger av lønnsendringer.

Aktuelle temaer kan være:

- ansvar
- kvalitative og kvantitative resultater
- engasjement og fornyelse
- likestilling mellom kjønnene
- beholde og rekruttere arbeidskraft
- sammenhengen mellom kompetanse, kompetanseutvikling og lønnsutvikling

Lokal lønnspolitikk er eit styringsverktøy som mellom anna er med på å legge til rette for (HTA 3,2):

- Motivere til kompetanseutvikling
- Beholde, utvikle og rekruttere
- Sikre kvalitativt gode tjenester

Når ein skal vurdere korleis lønnspolitikken skal vere lokalt, bør ein ta utgangspunkt i aktuelle problemstillingar.

#### *Turnover/kompetanseflukt*

Bemanninga i Askvoll sokneråd er relativt stabil. Dei som har slutta i stillingane her har i liten grad gjort dette i samband med overgang til anna arbeid.

#### *Rekruttering*

Det har vore noko problem med rekruttering inn i vakante stillingar dei siste åra. Særleg gjeld dette kyrkjeutarstillingar med låg deltidsprosent.

#### *Pensjonering*

Tilsette i soknerådet har så langt kyrkjevevja kjenner til ikkje nytta seg av avtalefesta pensjonsordning (AFP).

#### *Likestilling*

Dei er relativt god kjønnsbalanse for dei tilsette i soknerådet.

#### *Alderssamansetning*

Generelle tendenser i utviklinga i Den norske kyrkja sin personalsamansetning viser at gjennomsnittsalderen for dei tilsette aukar. Sidan 1999 til 2011 har talet tilsette over 61 år

auka med 34% og på den andre sida har talet tilsette mellom 18 og 30 år vorte redusert med 40%.

Med utgangspunkt i momentlista frå KA kan soknerådet gjere prioriteringar i forhold til kva element som skal vektleggast i samband med lokale tillegg.

#### *Ansvar*

Ein kan prioritere å belønne ansvar. Dette kan vere vanskeleg å gjere målbart.

#### *Kvalitative og kvantitative resultat*

Ein kan belønne resultat og slik prøve å stimulere til heving av kvalitet og produktivitet. Dette krev eit godt målstyrings- og resultatvurderingssystem.

#### *Engasjement og fornying*

Ein kan inspirere til engasjement og fornying med å belønne dette særskilt. Dette krev imidlertid stor grad av skjønsmessige vurderingar.

#### *Likestilling mellom kjønna*

Ein har ein god kjønnsbalanse allereie.

#### *Behalde og rekruttere arbeidskraft*

Som nemnt over, har soknerådet ikkje hatt nemneverdige problem med å behalde eller rekruttere arbeidskraft.

#### *Samanhengen mellom kompetanse, kompetanseutvikling og lønnsutvikling*

Soknerådet kan velje å stimulere til auka kompetanse ved å belønne kompetanseutvikling. Vidare kan ein vurdere å belønne naturleg kompetanseutvikling som ligg i det å ha vore tilsett over tid.

### **Forslag til lønnspolitiske retningslinjer for tilsette i Askvoll sokneråd som er omfatta av forhandlingar i HTA kap 4:**

<b>KRITERIAR</b>	<b>KJENNETEIKN</b>
Ansvar og sjølvstende	Følgjer opp avtalte oppgåver og forbetringstiltak. Er lojal mot beslutningar som vert fatta. Er lojal mot soknerådet sitt verdigrunnlag. Oppter profesjonelt.
Kvalitative og kvantitative resultat	Følgjer rutinar, prosedyrar og instruksar (ikkje «privat praksis») Samarbeider i prosess og produksjon for å bidra til kvalitet for tenesteproduksjon og arbeidsmiljø. Arbeider strukturert og er fleksibel og løysingsorientert.
Engasjement og fornying	Arbeider aktivt for at verksemda skal oppnå sine målsetjingar. Deler sin kompetanse og «gjer andre gode» Åpen for nye ting og tek initiativ. Bidreg til eit godt arbeidsmiljø. Positiv og konstruktiv medarbeidar. Viser omsorg og respekt for kollegaer,

	leing og publikum.
Kompetanseutvikling	Etter- og vidareutdanning (formalkompetanse) kjem til uttrykk gjennom praksis – anvendt kompetanse. Kompetansen er etterspurd og nyttig (marknadsverdi). Sosial kompetanse Endringskompetanse Erfaringskompetanse

## 2. Lønnspolitiske retningslinjer leiarlønn

Etter HTA kapittel 3 vert lønnsfastsetting til øvste leiar gjort lokalt. Dagleg leiar er ikkje omfatta av dei sentrale forhandlingane. Etter HTA kap 3.4.1 kan leiarlønn vurderast ein gong per år. Grunnlaget for slik vurdering er eitt eller fleire av følgjande kriterier:

- Oppnådde resultat i forhold til verksemda sine målretta aktivitetar
- Utøving av leiarskap i forhold til verksemda sine mål
- Betydelege organisatoriske endringer
- Behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft

Det bør derfor utarbeidast ei liste på kjenneteikn til desse kriteria. Saman med desse kriteria bør det utarbeidast ein leiaravtale som fungerer som eit vurderingsverktøy. Nedanfor er det eit døme på kriterier og kjenneteikn som kan vere eit utgangspunkt for drøfting i rådet for fastsetting av lokal leiarlønnspolitikk.

### Døme på lønnspolitiske retningslinjer for leiarlønn i Askvoll sokneråd

KRITERIAR	KJENNETEIKN
Oppnådde resultat i forhold til verksemda sine målretta aktivitetar	Bidreg til at soknerådet når sine mål Fokus på å betre resultat innanfor rammene God økonomistyring
Utøving av leiarskap i forhold til verksemda sine mål	Kreativitet, evne til utvikling og nytenking Evne til strategisk tenking Samarbeidsorientert Tek ansvar for heilskapen Viser evne til <ul style="list-style-type: none"> <li>- Endringsleing</li> <li>- utviklingsleing</li> </ul> Kompetanseheving Lojalitet mot vedtak fatta av soknerådet
Betydelege organisatoriske endringer	Fleire tilsette Nye fagområde og kompleksitet Vilje til å ta på seg nye oppgåver
Behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft	Fagkompetanse og erfaringskompetanse er vanskeleg å erstatte

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd fattar førebels vedtak om lokale lønnspolitiske retningslinjer for dei som er omfatta av forhandlingar etter HTA kapittel 4 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Før endeleg vedtak vert retningslinjene drøfta med dei tilsette sine organisasjonar i lønnspolitisk drøftingsmøte.
3. Ingen forslag vert sett fram for lønnspolitiske retningslinjer for leiarlønn (HTA kap. 3).

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd fattar førebels vedtak om lokale lønnspolitiske retningslinjer for dei som er omfatta av forhandlingar etter HTA kapittel 4 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Før endeleg vedtak vert retningslinjene drøfta med dei tilsette sine organisasjonar i lønnspolitisk drøftingsmøte.

---

## FR 2014/57 Høyring - NOU 2014: 2 Lik og likskap

### UTGREIING

Kulturdepartementet har oppnemnt eit offentleg utval som skulle utgreie rettslege og økonomiske spørsmål knytt til avgifter i samband med gravlegging.

Oppgåva var å utgreie:

- økonomisk likestilling mellom kremasjon og kistegravlegging
- utvide retten til grav utanfor bustadkommunen
- ordning med gravfeste
- behov for endringar i avgiftssystemet for gravferdssektoren

Utvalet legg til grunn seks prinsipp for gravferdslovgivinga, og legg i sitt arbeid vekt på "omsynet til likskap og omsynet til innbyggjarane". Dei seks prinsippa er:

- 1 *Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vere utan kostnad for dei etterlatne. Alle innbyggjarar skal vite at fellesskapet vil ta ansvar for ei verdig gravlegging. Seremonien er derimot eit privat ansvar.*
- 2 *Gravplassane skal vere allmenne og bør bli forvalta slik at ordningane i hovudsak er felles for alle. Gravplassane er opne for alle avlidne.*
- 3 *Forvaltninga skal så langt som mogeleg leggje til rette for at gravlegging kan skje med respekt for personleg livssyn og i tråd med føringane til vedkomande livssynssamfunn.*
- 4 *Lovgjevinga skal likestille gravferdsformene. Lovgjevinga skal leggje til rette for ulike gravferdsformer og ikkje stimulere dei etterlatne til å velje den eine gravferdsforma framfor den andre.*
- 5 *Eitt menneske får éi grav. Gravlegginga er ei endeleg handling.*
- 6 *Med tida blir grava sletta og gravminnet teke bort. Ei grav og eit gravminne skal vanlegvis ikkje stå lenger enn det finst levande som minnest den avlidne.*

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på forslaga frå utvalet, mellomn anna dei økonomiske og administrative konsekvensene av forslaga.

Høyringsfrist er sett til 1. utgreiinga, men i sjøve

Det er ikkje utarbeidd særskilte høyringssspørsmål til utvalet sine forslag til endringar opplista.

eve

### Generell kommentarar



Prinsippa om likskap som utvalet legg til grunn er i utgangspunktet positive, når dette sikrer at det ikkje vert diskriminering som følgje av religion/livssyn, fødestad og bustad.

Vidare vert det føreslege at gravlegging (kremasjon og utanbygds gravlegging) skal skje utan kostnad for dei pårørande, og at det såleis vert reell jamstilling av desse gravleggingsformene. Vonleg vil ordninga føre til auka kremasjonsgrad, som og vil vere plassbesparande. Utvalet legg til grunn at endringane skal skje utan endringar i samla ressursbruk for det offentlege.

Prinsippet vert då at ein går frå ein brukarbetalingsfinansiering til ei skattefinansiering av gravferdsverksemda, noko som er eit prinsipp som vidare vil kunne stimulere til meir kostnadseffektive forvaltingsløyisingar.

Regelendringsforslaga utvalet set fram med bortfall av heimlar for brukarbetaling vil føre til eit inntektsbortfall på avgiftssida på om lag kr 104 mill. pr. år for gravplassforvaltninga samla sett. Dette vert føreslege kompensert gjennom økte rammeoverføringar til kommunane.

Her ligg punktet i utgreiinga som det kan vere mest grunn til å vere kritisk til. Det er viktig å sikre at kompenserings vert reell, og dekker det faktiske inntektsbortfallet/kostnadsauken.

#### **Dei sju endringsforslaga frå utvalet er:**

##### **1) Kistegravlegging og kremasjon vert sidestilt økonomisk og juridisk som gravferdsform**

Utvalget mener at gravferdsformene kremasjon med urnenedsettelse og kistegravlegging bør likestilles. Derfor bør blant annet adgangen til å kreve kremasjonsavgift oppheves.

Kremasjonsavgiften utgjorde i 2012 ca. 40 mill. kroner.

Ansvar for båretransporten til krematoriet foreslås flyttes fra NAV til gravplassforvaltningen. Et lokalt ansvar for å sørge for transporten kan skape et incentiv til å ta ansvar for etablering og vedlikehold av en effektiv krematoriestruktur. Midlene (ca. 22,5 mill. kroner) foreslås som en følge av dette overført fra bevilgningen til NAV til rammetilskuddet til kommunene.

##### **Vurdering/kommentar frå kyrkjevevja:**

Utgangspunktet for utvalet er at det frå ein samfunnsøkonomisk ståstad er å føretrekkje at kremasjonsprosenten i landet vert auka. I nordisk samanheng ligg Norge lågt i kremasjonsprosent (37%) mens t.d. Danmark og Sverige ligg på om lag 80%. Berre Island har lågare kremasjonsprosent enn Norge (25%). I tillegg seier utgreiinga at Norge har hatt den svakaste auken i kremasjonsprosent i Norden.

I dag er det ikkje full jamstilling (juridisk eller økonomisk) mellom kremasjon og kistegravlegging. Økonomisk ulikskap heng saman med heimelen til å kunne krevje kremasjonsavgift, noko som ikkje gjeld for kistegravlegging. I snitt er kremasjonsavgifta ca. kr 3000,- (varierer frå gratis og opp til nær kr 6000,-).

Overflytting av ansvaret for transporttilskot frå NAV (etter eigenandel) til lokal gravplassforvaltning, tek utgangspunkt i at ein vil gje lokale styresmakter incentiv til å etablere og drifte effektive krematoriar, samt etablere kostnadseffektive transportordningar.

##### **Tilråding frå kyrkjevevja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

##### **2) Kommunene skal vere pliktige til å ta i mot utanbygds gravlegging. Brukarbetaling for gravlegging i ein annan kommune enn avdøde sin bustadskommune vert oppheva**

Utvalget går inn for en økonomisk likestilling mellom innenbygds- og utenbygds gravlegging. Det anslås at ca. 8 pst. av gravleggingene skjer i annen kommune enn der avdøde var folkeregistrert ved dødsfallet, og at utenbygds gravlegging er dyrere for de etterlatte. Oppgjøret mellom de involverte kommunene bør skje gjennom en fastsatt oppgjørsordning mellom gravplassforvaltningene, fremfor at de etterlatte må betale.

De samlede inntektene for gravferdsforvaltningen fra betaling for utenbygds gravlegging i 2013 var ca. 12,1 mill. kroner.

**Vurdering/kommentar frå kyrkjeverja:**

Om lag 8% av alle gravleggingar i landet finn stad i annan kommune enn den avdøde hadde sin bustad. I dag er det opp til den enkelte gravplassforvaltning om ein skal ta imot utanbygds gravlegging. I talmaterialet utvalet tek utgangspunkt i er det berre 2% av fellesrådsområda som hadde sagt nei til utanbygds gravlegging. Ved gravlegging i festa grav har ein ikkje høve til å seie nei til utanbygds gravlegging.

Vidare kan den lokale gravplassforvaltning fatte vedtak om at det skal krevjast utgiftsdekning (avgift) for slikt tilbod. I 2013 var gjennomsnittsprisen for utanbygds kisteavgift kr 4023,- (frå 0-18.645).

Med likskap og utjamning som formål, vil det for dei etterlatte vere ein klar fordel om heimelen til å krevje brukarbetaling for utanbygds gravlegging. Utvalet føreslær at kostnadsdekkinga skal skje som eit oppgjør mellom dei ulike gravplassforvaltningane.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

**3) Endring av avgiften for feste av grav slik at innbyggjarane vert likt behandla**

I dag er det lokale variasjonar med betalingsfri gravleggingsperiode. Ulik fredningstid (med variasjonar på 20-60 år) gir ulik betalingsfri periode. Dei som etablerer ein gravstad ved å feste fleire graver saman får ikkje fri gravperiode i det heile for tilleggsgravene med dagens ordning. Utvalet ønskjer å innføre ei ordning med betalingsfri periode på 20 år for kvar gravlegging (uavhengig av fredningstida på staden).

Berekna inntektsbortfall for ordninga er sett til kr 5,2 millionar pr. år.

**Vurdering/kommentar frå kyrkjeverja:**

Erfaringsmessig er det svært mange pårørende som reagerer på at ikkje alle får ei fri gravperiode. Forslaget frå utvalet kan såleis seiast å samsvare med mange si oppfatning av korleis ordninga burde vere, at alle skal ha rett på ei fri gravperiode, uavhengig av om ny grav vert tilvist eller at ein nyttar ei reservert grav.

Ei slik endring her vil føre til at kvar nye dobbeltgrav/utanbygdsgrav vil gi ein inntektsreduksjon tilsvarande 10 års festeinntekt samanlikna med dagens ordning i Askvoll.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

**4) Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet**

Utvalget sitt forslag er at kommunane skal rapportere utvalde resultat og tal frå gravplassforvaltninga i KOSTRA kvart år for å få eit verktøy i planlegginga for å møte auken i talet døde dei neste tiåra.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

**5) Endringar i forvaltningsoppgåver**

Utvalet har forslag om at oppgåvene som bispedømmeråda har etter gravferdsloven og gravferdsforskriften, vert overført til Fylkesmennene.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

**6) Økonomiske og administrative konsekvensar**

Samla sett er det berekna inntektsbortfall på kr 104,3 millionar per år til gravplassforvaltningane som følgje av endringane. Dette vert føreslege kompensert for ved ved auka rammeoverføringar til kommunane etter generell fordelingsnøkkel.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet, men presiserer at ein må sikre at kompensasjonsordninga reelt kompenserer for inntektsbortfall/kostnadsauke.

**7) Forslag som utvalget vurderer til å vere på sida av mandatet**

Utvalet føreslær at vilkåra for askespreiing meir direkte skal omtalast i gravferdsloven.

Det vert og føreslege at det er den lokale gravplassforvaltninga som tek stilling til søknad om askespreiing, med Fylkesmannen som klageinstans.

Utvalet vil opne for askespreiing på gravplass og vil i tillegg opne for gravlegging i kolumbarium på gravplass.

**Tilråding frå kyrkjeverja:**

Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

## **MØTEHANDSAMING**

Ole Andreas Myrstad sette fram alternativt forslag til vedtak:

1. Askvoll sokneråd stillar seg bak forslaget frå utvalet, med unntak av utvalet si opning for askespreiing på gravplass og gravlegging i kolumbarium på gravplass.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja, men med endringsforslaget som vart sett fram av Ole Andreas Myrstad.

---

## **SR 2014/58 Offerliste, haust 2014**

### **UTGREIING**

Offerliste fram til 7. september 2014 er lagt. Soknerådet må no vedta offerplan for resten av hausten.

Kyrkjeverja har motteke forslag til offerformål for Bulandet, og dei er lagt inn i lista nedanfor.

Soknerådet kan komplettere lista i møtet.

Gudstenesteliste for hausten 2014 er sett opp slik:

#### **ASKVOLL KYRKJE**

**21. september kl.11.00.**

Gudsteneste ved Lilja Kristin Thorsteinsdottir. *Offer til kyrkjebladet.*

**05. oktober kl.17.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.*

**26. oktober kl.11.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4 og 6 års bok. *Offer til kyrkjelydsarbeidet.*

**23. november kl.11.00.**

Gudstemeste ved Lilja Kristin Thorsteinsdottir.

**14. desember kl.11.00.**

Gudsteneste med lysmesse ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til Sogn og Fjordane Søndagsskulekrins.*

**19. desember** barnehage- og skulegudsteneste.

**24. desember kl.16.00**

Julaftan gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**25. desember kl.12.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**31. desember kl.16.00.**

Minnegudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**HOLMEDAL KYRKJE**

**28. september kl.11.00.**

Gudsteneste ved Lilja Kristin Thorstinsdottir. Presentasjon av konfirmantane. *Offer til kyrkjebladet.*

**19. oktober kl.19.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4 og 6 års bok. *Offer til TV-aksjonen.*

**09. november kl.11.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kirkens SOS.*

**07. desember kl.15.00.**

Gudsteneste med lysmesse ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til Sogn og Fjordane Søndagsskulekrins.*

**24. desember kl.16.00.**

Julaftan gudsteneste med Stein Hugo Fykse. *Offer til Kirkens Nødhjelp.*

**01.januar kl.17.00.**

Gudsteneste med Knut Arne Kummeneje. *Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt.*

**VILNES KYRKJE**

**05. oktober kl.11.00.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Presentasjon av konfirmantane. Dåp. *Offer til kyrkjelydsarbeidet.*

**02. november kl.16.00.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Utdeling av 4 og 6 års bok.

**30. november kl.15.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

**24. desember kl.13.30.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

**BULANDET KAPELL**

**28. september kl.11.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Fiskarheimen, Bulandet*

**19.oktober kl.11.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Utdeling av 4 og 6 års bok. *Offer til Værlandet bedehuskapell.*

**16.november kl.14.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin*

**25. desember kl.12.00.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til Frelsesarméen*

**KVAMMEN KAPELL**

**21.september kl.11.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. Presentasjon av konfirmantane. *Offer til Jonasklubben.*

**12.oktober kl.11.00.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. *Offer til kyrkjelydsarbeidet.*

**02.november kl.11.00.**

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje. Utdeling av 4 og 6 års bok. Offer til Sogn og Fjordane Søndagsskulekrins.

**23. november kl.19.00.**

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt.*

**14. desember kl.17.00.**

Gudsteneste med lysmesse ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kvammen kapell.*

**24. desember kl.13.30.**

Julaftangudsteneste ved Stein Hugo Fykse. *Offer til Kirkens Nødhjelp.*

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for hausten 2014 etter komplettering i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for hausten 2014 etter komplettering i møtet (komplettering er innarbeidd i lista i saksutgreiinga).
2. Ein føretekk ytterlegare komplettering av lista for Askvoll og Vilnes kyrkje i neste møte.

---

## **FR 2014/59 OVERFØRING AV INVESTERINGSMIDLAR**

Saka vart handsama i møtet etter framlagt skriv, M 35/14.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd søker om at unytta låneramme i Askvoll kommune sitt investeringsprosjekt på Askvoll kyrkje vert nytta til trappefri tilkomst til korpartiet i Askvoll kyrkje.

---

## **SR 2014/60 JUSTERING AV MØTEPLAN**

Saka vart handsama i møtet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd justerer møteplan for hausten 2014 slik:

- 16. oktober
- 4. desember
- 15. januar